

Fra: Nicolas Rodriguez (nicolas.rodriguez@dnt.no)

Sendt: 23.05.2018 15:01:36

Til: Kjell Gitton Håland; Siri Klokkestuen; Espen Berntsen; Katrin Innvær Ankervold; Gunn Berit Lunde Aarvik; Olav Kvinge; May Eva Sandvik; Neshe Lie; Beate Husa; Gunnar Bakke; Anita Garlid Johannessen; Sara Hamre Sekkingstad; Geir Kjell Andersland; Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

Kopi: Helene Ødven

Emne: Søknad om løyve til Opedal Ljosverk (saksnr. PS 68/2018) i verna vassdrag, Lofthus, Ullensvang

Vedlegg: image003.jpg;20180516 Innspel til søknad om Opedal Ljosverk.pdf

Til medlemma i Utval for kultur, idrett og regional utvikling, Hordaland fylkeskommune

Vi viser til at handsaminga av Opedal Ljosverk er ei av sakene til møte i KIRU 24. mai 2018 (saksnr. PS 68/2018).

Saka gjeld kraftverk med installert effekt 0,99 MW og estimert årsproduksjon 5,5 GWh i verna vassdrag. Kraftverket er planlagt i hovudløpet i det verna vassdraget Opo (også kjent som Opsjå / Opesjo) i Lofthus (objekt nr. 41 i Verneplanen for vassdrag).

Vassdragsvernet er ikkje avgrensa til å gjelda Hardangervidda åleine, men gjeld heile nedbørfeltet inkludert fjordlandskapet langs Sørfjorden. Opsjå vart varig verna frå fjell til fjord 6. april 1973 i Verneplan I. Vi ber KIRU ta omsyn til samla belastning av energitekniske inngrep som er under planlegging og til talet på energitekniske inngrep som har fått løyve langs Sørfjorden. Vi ber også KIRU ta omsyn til forvaltinga av Verneplanen for vassdrag i drøftinga av saka. Vi viser til at fjordlandskapet langs Sørfjorden er plassert i klasse A (stor verdi), jf. Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009 – 2021. Vi viser til at både indre og ytre Sørfjorden har status som kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse, jf. Riksantikvaren og Hordaland fylkeskommune.

Vi legg ved vårt innspel i saka.

Med vennleg helsing

Nicolas Rodriguez

Naturvernansvarleg, Bergen og Hordaland Turlag

Tlf. 55 33 58 28 / Mobil 47 41 86 40

Besøk oss på:

bergenoghordalandturlag.no

facebook.com/bergenoghordalandturlag

Instagram: [#bergenoghordalandturlag](https://www.instagram.com/bergenoghordalandturlag)

Twitter: [@bergenturlag](https://twitter.com/bergenturlag)

